



## Omdisponering av dyrka mark 1976–2014

Berre 1,7 % av arealet i Aust-Agder er jordbruksareal. Dette tilsvarer ca. 1,3 dekar jord pr. innbyggjar. Det er med andre ord god grunn til å ta vare på den dyrka jorda i fylket.


På landsbasis er 3,7 % av landarealet jordbruksareal i følge kartdata, ca. 2,2 dekar pr. innbyggjar. 3,2 % er jordbruksareal i drift i følge søknader om produksjonstilskot. Noreg er eit av landa i verda med minst jordbruksareal pr. innbyggjar. Berre ca. 1/3 av jordbruksarealet i Noreg er eigna for matkornproduksjon.

[Lenke til arealressursstatistikk, NIBIO \(tidlegare Skog og landskap\).](#)

[Lenke til tabell over prosent dyrka jord i drift i ulike land, Verdsbanken.](#)

### Omdisponering

Dyrka jord kan bli omdisponert til ulike føremål. Jorda kan bli omdisponert til tomtar eller infrastruktur og bygd ned med bygningar, vegar, parkeringsplassar, med meir. Omdisponering til golfbane er ei meir reversibel form for omdisponering enn nedbygging. Dyrka jord kan også omdisponerast til andre produksjonar som til dømes veksthus, planteskule, skog eller juletreproduksjon.




Figur 1. Dyrka mark omdisponert i Aust-Agder i 1976–2014, dekar. Kjelde: KOSTRA, SSB.

Figur 1 viser at der var ei høg takt i omdisponeringa av dyrka jord i åra 2000–2004. Frå 2005 er omdisponeringa redusert markant.

## Jordvernmål

Regjeringa, med tilslutning frå Stortinget, fastsette eit nasjonalt mål om å halvera den årlege omdisponeringa av dei mest verdfulle jordressursane innan 2010 samanlikna med 10-årsperioden 1994–2003. *Klimaskifte for jordvernet*, rapporten frå jordverngruppa kom i 2008.

Snitt for perioden 1994–2003 i Aust-Agder var 183 dekar. Dette betydde at Aust-Agder frå 2010 ikkje skulle omdisponera meir enn 91 dekar dyrka mark i året i gjennomsnitt. Det var då naudsynt med ei betydeleg innstraming i forhold til nivået på omdisponeringa i 2000–2004.



Figur 2. Omdisponering av dyrka mark i Aust-Agder, dekar. Snitt for åra 1994–2003, reelle tal for åra 2004–2014 og mål for 2010.

Tala varierer mykje frå år til år. I 2014 har kommunane Grimstad, Arendal, Tvedestrand og Valle stått for det meste av omdisponeringa i Aust-Agder, mellom anna til vegutbygging. Gjennomsnittleg omdisponert areal dyrka jord i perioden 2010–2014 er 76 dekar. Også i åra framover må me driva ein restriktiv politikk for å halda snittet under 91 dekar.

Omdisponert areal og del (promille) omdisponert av dyrka mark (jordbruksareal) i følge kart i 2014 og snitt i 2010–2014.

Fylke	Dyrka mark i følge kart, dekar		Omdisponert, dekar		Del omdisponert, ‰	
	2014	Snitt 10–14	2014	Snitt 10–14	2014	Snitt 10–14
Telemark	294 781	294 781	50	122	0,17	0,41
Aust-Agder	144 454	144 454	104	76	0,72	0,53
Vest-Agder	229 998	229 998	90	182	0,39	0,79
Heile landet	11 284 000	11 284 000	5 710	6 337	0,51	0,56